

VARHAUGBUEN

BYGDEKVINNELAGET
SIDE 20-21

VENNELAGET LERBREKK
SIDE 24-26

PENSJONISTLAGET
SIDE 30

*"Sola står opp hver dag,
og hver natt skinner stjernene.
Hvis dagen i dag har brakt en skuffelse,
så husk at livet går videre.
Morgendagen gir en ny begynnelse."
Maria Fontaine*



SKIRENN I ITALIA SIDE 10-11

HEIA RAKETTBYGDA!



Av fleire gode grunnar har eg lyst å innleia med å ønskja alle lesarar av Varhaugbuen eit godt nytt år. Det kunne eg gjort sjølv om denne teksten skulle stått på trykk seinare på året. For fram til no, har det vore ein slags tradisjon blant enkelte sambygdingar frå dei yngre årsklassane å markera nyttår med fyrverkeri kvar helg. Året rundt. Utan omsyn til kalenderen. Heilt utan omsyn til folk, og utan tanke på dyr.



Sjur Håland

Folk frå Varhaug har synt at bygda ikkje treng vera ein spydspiss innan for eksempel rakettforskning for å koma på nyheitskartet. Det held i lange banar å på hasardiøst og uvørde vis å fyra laus nokre krutbaserte batteri, mest truleg produsert i Folkerepublikken Kina. Då kjem kringkastinga. For å gjera saka så dyster som råd, valde TV-folka å intervjuar ordføraren med jernbaneundergangen mellom Ånestadvegen og Stasjonsvegen (Ghost Street) som ille illustrerande synleggjering på at no er me på Varhaug på veg mot undergangen.

Gang- og sykkelvegen under skinnegangen på Jærbanen er ikkje akkurat Jæren sitt svar på National Mall i Washington, for å seia det slik. Men, om betongveggene i undergangen flassa friskt under NRK-opptaket, var heldigvis ordføraren fri for flass, rett i ryggen og pen i tyet.

Skal me le eller grina, spøkja eller retta ein korrigierende peikefinger mot folk som fyrer med krut i tider og utider? Bør me moralisera eller skal me tenkja på saker og ting som me sjølv har vore med på og som ikkje heilt toler dagens lys? Skal me skulda på utsala, foreldre eller besteforeldre, eller skal me leggja heile saka over på skuldrene til han som i si tid fann opp krutet?

Ikkje veit eg. Det eg veit er at det ikkje må bli slik at dei som ytrar seg mot unge bygdefolk sin lemfeldige omgang med eksplosivar, risikerer å få postkassen sin sprengd same natta som hemn. Då er me på veg mot kulturar og haldningar til lov og rett som ikkje høyrer heime i verken Chicago eller på Varhaug.

Kreativ leik er av det gode. Det gjeld for folk i alle aldrar. Når leiken bikkar over og blir både plagsam, farleg og ulovleg, er det ei plikt å seia i frå. Nå har både politiet og folk flest her i bygda ytra at dei representantane for framtida vår som har krut på fingrane bør justera kursen på fritidsaktivitetane før dei får blod på hendene.

STOPP. SLUTT. GI FRED.

Men eg vil ikkje at ungdommane våre skal slutta å ha det gøy. Litt ukjuren hygge er det trass alt tradisjon for her i bygda. Ei tid på 1950-talet var det for eksempel ei greie blant ungdommane å fresa rundt i bygda på laurdagskveldane og samla inn sko som stod sirleg plassert i dei opne bislaga i husa rundt om i stasjonen og på dei næraste gardane. Ut på kvelden vart ei mengd fjøssko, støvlar og kalosjar tippa i ei røys på den store grusplassen ved Varhaug Meieri. Så måtte eigarane av skoa sjølv ta søndagsturen til meieriet for å finna det rette skoparet sitt.

Garp? Definitivt! Meiningslaust? Ja visst! Gøy? Garantert! Irriterande for dei det gjekk ut over? Ver du sikker!

Me har nokre flotte tradisjonar her i bygda og resten av Hå som handlar om å slakka taumane litt og la unge folk prøva og feila litevetta. Også på denne måten bidreg me til å utvikla initiativrike jærbruar som etter kvart set verdifulle spor etter seg.

Kanskje er det dei Hå-buane som har våga å teste grenser og strekke strikken som gjennom livet har ytt mest til bygdene?

Å vera frå Varhaug og å leva fritt, men ikkje heilt utan ansvar, har vore og er framleis noko å vera stolt av og notera på CV-en. Identiteten vår kan me takka for og feira kvar dag, gjerne med ein farse og ei Cola på Bøen.

MEN IKKJE MED RAKETTAR!

BIBLIOTEKET I HÅ

Bibliotekdrøs



Biblioteket på Varhaug

Liker du å lesa og har lyst og treffa andre som også er glad i bøker? Me møtes på det nye, fine biblioteket på Varhaug til ei uformell samling om bøker, god drøs og ein kopp kaffi.

Torsdag 24.mars kl.12.00 - 12.30

Velkommen til hyggeleg prat om bøker.
Gratis.



BIBLIOTEKET I HÅ

«Barnet i veven»

- forfatterbesøk av Emma Manin



Tysdag 15.mars kl. 18.00

Biblioteket på VARHAUG

«Barnet i veven» er ein roman om forventningar og ynskje om å lukkast, enten det er som kunstnar, eller som odelsfolk som skal føre garden vidare. Romanen viser korleis barnløyse for hundre år sidan måtte finne andre løysingar enn dagens eggdonasjon og surrogati. Ei minitustilling med bl.a. to bilettevar gjev liv til ei fin og rørende historie.



På sidelinja

Det er mange som har kjent seg på sidelinja dei to siste åra på grunn av denne pandemien.

Mange lurer sikkert på om livet nokon gong blir normalt att. I haust, då dei opna opp var det fleire av oss som tenkte; endeleg skal livet bli normalt att. Men akk, det varte ikkje lenge. Før jul var det ny nedstenging. Er det ikkje slik det har vore meir og mindre i to år?

Nå er det sann at livet går litt opp og ned for dei fleste av oss. Og kanskje litt meir for oss som blir kalla dei eldre? Eg greie ikkje heilt å innrømme at eg høyre til i den gruppa - altså dei eldre - me som myndighetane kallar for «eldrebølgja». Me lever då stilt og roleg dei fleste av oss utan å laga dei store bølgene, så eg likar ikkje det uttrykket.

Men i haust kom den store «bølgja» skyljande innover til meg. Eg fekk konstantert kreft! Alt rasa saman. Eg som kjende meg frisk og sprek måtte førebu meg på stor operasjon og cellegiftkurar etter det. Berre tanken på alt som stod føre skræmde meg. Eg med min sjukehusangst måtte førebu meg på fleire dagar på sjukehuset. Å reisa inn der sprek og god, og så koma heim att heilt hjelpelaus, var alt anna enn lett å ta inn over seg.

Utan å gå i detaljar så har eg overlevd det og. Ingen gjorde meg noko vondt. Tvert om, dei gjorde det beste dei kunne for at eg skulle ha det bra. Og då eg kom heim til meg sjølv var det herleg sjølv om eg var nokså redusert. Eg hadde førebudd ting heima på førehand, så det gjekk bra. Hjelpande hender til det eg ikkje kunne gjera, fekk eg. Og så var det berre å putla rundt meg sjølv og koma til krefter så fort som muleg.

Alt dagen etter gjekk eg ut ein runde rundt huset og løa. Så kunne eg gå litt lenger for kvar dag. Og det var herleg å koma seg ut i frisk luft. For meg er det den beste medisinen. Sidan forma i utgangspunktet var god, så har det gått forbausande godt å kome til krefter att. Herleg var det når dei første seks vekene var over og eg kunne verta sjølvhjelpete med praktiske ting som å bæra inn ved og bæra inn handlinga utan å ta berre litt om gongen.



I skrivande stund er eg kome halvvegs i cellegiftkurane. Dette var noko eg grudde fælt for. Og ja, det er ekkelt. Spesielt den første veka etter ny kur når alt smakar ekkelt. Men eg veit at eg må eta for å samla krefter. Derfor må eg gå i dialog med meg sjølv om kva eg trur eg har lyst på til middag. Etter ei veke går det betre. Men så går immunforsvaret ned den neste veka. Då må eg vera ekstra forsiktig med omsyn til all smitten som svirrar rundt. Derfor lever eg framleis på sidelinja. Til tider kan det vera krevjande, men så langt har det gått tåleg bra. Så lenge eg kjem meg ut på tur så går dagane. Eg får krefter til å ta ein dag om gongen.

Det er litt kjedeleg å gå den same turen kvar einaste dag. Gangstien langs ånå frå Ånestadvegen til Dysjalsvegen kan eg snart gå i blinde. Og så opplever eg litt nesten kvar dag. Nokre gonger er det fossefallen som står og neie på ein stein. Han speidar etter eit kvart å ete. Så er det stokkender som står på hovudet i ånå. Eller hestane til Ingve Dubland som får det for seg at dei skal skjena litt. Nokre gonger treffer eg kjende som eg kan prata litt med. Det gjere underverk. Mange blir forundra når dei ser meg gå, eg som alltid pleier å sykla. Ja, det er litt merkeleg. Rett før ny kur har eg krefter til ein sykkelstur om veret er lagleg. Men med kuling eller regn eller begge deler så går det ikkje. Men eg skal på sykkelsturar att når eg kjem over alt. Så berre vent. Når Varhaugbuen kjem i postkassen er kanskje lerka og vipa på plass og gir meg ny livsgnist. Enn så lenge så er det berre å stå på både for meg og for andre som kanskje og kjenne seg på sidelinja.

GOD VÅR!

Brit Obrestad

MISJONSHUSET

Frå starten av februar er det letta så mykje på Corona-reglane at ting kan begynne å gå som normalt. Men me på misjonshuset vil fortsetja med å vere varsomme,- hand-sprit er tilgjengeleg ved inngangane, og me oppmodar alle til å halde seg heime dersom ein har feber eller er sjuk.

Årsmøta til eigarorganisasjonane er no avvikla,- det verkar som folk på misjonshuset ser fram til nytt byggeprosjekt, der ein vil ha på plass minglerom, nytt lager og nokre fleire smårom over kjøkkenet og i tredje etasje. Det er mykje som skjer på misjonshuset,- og for barn og ungdom og for øvingslokale for lovsongsgrupper og anna trengs fleire rom.

Årsmøtet for misjonshuset vil verta 17. mars.

Først på januar og i midten av februar har det vore bønneveker med 24/7-opplegg der ein har anledning til å koma på bønerommet heile døgnet.

Julekonsert med Sveinung Hølmekbakk 12. desember vart ei flott oppleving. Grunna Corona vart det begrensningar,- men 123 personer fekk vere tilstades.

Minikoret har varsla at dei vil halde stor konsert med kjente gjester 11. mars.

Det vart samlingar for ungdom, «unge vaksne», herrekveldar, sang og musikkfest, gudstenester, eldretreff, nattverds-møter, misjonskvelder og mykje anna som vanleg.

Barnearbeidet Spiren har hatt pause til no, men søndags-skule, FRES og Awana samler mange barn til samlinger der dei vert kjende med Jesus i gode fellesskap.

Nokre av romma er utleid til open barnehage, pianoøvinger, fysioterapitrening, selskap o.l.

Sjå program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time, men ein kan tinga rom ved bruk av internett:

http://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752

E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset.

Med helsing, Per-Arvid



FRÅ REDAKSJONEN

Tida går fort. Eg tykkjer ikkje det er lenge sidan eg sat her og skulle skriva den siste helsinga i 2021, og så er det alt 3 månader sidan. Kva er folk opptekne av nå? Stort sett er del vel den koronaen, som aldri ser ut til å ta slutt. Fleire enn meg er sikkert leie av å ta på dette munnbindet når me skal ut og handla. Trur eg har eit liggande i lomma på kvart einaste ute plagg. Før i tida var det plass for lommeplagg, i tillegg til refleks om vinteren.

Elles så har me hatt lite snø, men ein ganske kraftig storm. Og den øydela både ei løe i Klepp pluss ein del tre overalt. Eg har ikkje høyrte om menneske som er skada, eller nokon som har vore utan straum i lang tid. Nei, me som bur her, er i grunnen ganske heldige. Og vind, lite eller mykje, det er me ganske godt vane med.





Kristin Nord-Varhaug

Terese Braut Våge

Vilde Ueland

POLITIJURISTER I SØR-VEST POLITIDISTRIKT

Varhaug kan være litt stolt å ha tre politijurister som alle er født og oppvokst i bygda. De er tilsette i vårt politidistrikt med hovedsete i Stavanger og alle er jenter.

La oss begynne fra start. Den med lengst ansiennitet og erfaring er Kristin Nord-Varhaug. Hun studerte jus ved universitetene i Oslo og Bergen og var ferdig cand. jur. i 1993. Yrkeskarrieren hennes startet i UDI, deretter i Skatteetaten hvor hun ble til 2001. Det var dette året hun søkte og fikk stilling som politifullmektig i vårt distrikt. Nå har hun vært ansatt i etaten i over 21 år. I dag er hun påtaleleder for hele Sør-Vest Politidistrikt som dekker hele Rogaland inkludert Sirdal Kommune i sør og kommunene Stord, Bømlo og Fitjar i Sunnhordland i nord. Hennes nåværende yrkestittel er politiinspektør.

Terese Braut Våge ligger like bak Kristin i ansiennitet og yrkeserfaring. Terese studerte også i Oslo og var ferdig med jusstudiene i 2004. Første arbeidsplass var hos Fylkesmannen i Rogaland, nå Statsforvalteren i Rogaland, innen avdeling for helse og sosial. Her ble hun værende til 2013 og begynte i politiet samme år. I dag har Terese lederansvar for juristene som sorterer under Sandnes, Jæren og Dalane. Hun bærer som Kristin, tittelen politiinspektør.

Så er vi kommet til Vilde Ueland. Ungjenta tok juridisk embedseksamen i Bergen i 2020 og begynte som fullmektig og kollega med Kristin og Terese

samme år. Nylig har hun tatt et steg opp og blitt politiadvokat. Dette innebærer at hun har fått påtalekompetanse i straffesaker. Noen kjenner henne som toppseriespiller i håndball og spiller nå for Sola sammen med Camilla Herrem. Andre kjenner henne som den blide, høflige tenåringsjenta som hver søndag formiddag ringte på døra og solgte VG. Håper du trives og blir like lenge i faget som dine yrkessøstre.

En politijurist sine oppgaver er mange og en skal ikke fordype seg i disse, men la oss nevne noen få. De utferdiger forelegg, skriver siktelser eller tar ut tiltale i straffesaker. De klargjør saker for oversendelse til domstolen for pådømmelse. For de som har fulgt med i media, har sikkert merket seg Kristin og Terese som aktor i retten i større straffesaker.

Til slutt. Skal en søke advokatbevilling, er to års praksis som fullm./adv. hos politiet godkjent av myndighetene som et av vilkårene for å få bevilling. En kan nevne at noen av Stavangers mest profilerte forsvarsadvokater har praktisert ved daværende Stavanger Politikammer. Nevnes kan Sjødin, Helgevold og Anne Kroken.

Takk til dere tre for en kort, men hyggelig telefonsamtale.

Ingvar Reiestad





LITT FRA HÅ HAGELAG

Då håper me at det endelig går rette veien. Det lysner og går mot vår, og at Covid snart er historie slik at me kan koma heilt tilbake til normalen.

Sjølv i koronatider har me fått treffast litt i hagelaget.

I november var me ein god gjeng som var på Grude Gartneri og laga oss kvar sin adventskrans. Me fekk god undervisning av Olaug, som lærte oss gode teknikkar for å få en fin krans. Det blei mange flotte kranser til å pynte med til advent.

Julemøtet i desember blei det dessverre ikke noko av, heller ikke møtet om var oppsett i januar, det sette omikron en stopper for.

Men nå i februar fekk me endelig samlast i Lensmannsløa igjen til årsmøte. Etter årsmøtet haldt Ole Geir Skjæveland et kjekt og lærerikt foredrag for oss. Møtet blei avslutta med god kveldsmat og åresalg.

Nytt styre for 2022:

Leiar: May Helen Skrettingland

Nestleiar: Geir Egil Rosland

Sekretær: Liv Synnøve Vagle

Kasserer: Tone Årdal Skeie

Styremedlem: Eivind Siqveland

Styremedlem: Jorunn Reinertsen

Me jobber med eit variert og spennande program for 2022.

Neste medlemsmøte vert torsdag 10. mars klokka 19.00 i Lensmannsløa.

Er du interessert i kva som skjer i hagelaget anbefaler me at de går inn på facebook sida vår, alle arrangement vert lagt ut her. Medlemmer i hagelaget får i tillegg informasjon på mail og SMS.

May Helen Skrettingland





HÅ PISTOLKLUBB

13. mars begynne me feltsesongen med fallfelt. Skyting kun på stålmål der blinkane må detta ned for å få poeng.

Dette stevnet seie skytterane som kjem på besøk er som 17. mai, julaften og bursdag på ei gong. **Så dette er grævla jillt.**

Liv Håland

Styret i Hå pk

Formann - Liv Håland

Nestformann - Odd Bjorheim

Sekretær - Jan Kato Tjensvoll

Kasserer - Kjetil Rusdal

Styremedlem - Sissel Synnøve Korpiselkä

Varamann - Gunnar Varhaug

Varamann - Kari Olen Håland

Varamann - Roald Fuglestad

ABRØR

Trenger du hjelp
ta kontak med okka
folk på Varhaug!!!
Ring 48 50 97 81

Vi utfører alle
typer oppdrag innen:
Bolig, nybygg, rehabilitering,
service, fjøs og industri



Jan Inge Auestad
48 50 97 81
janinge@abror.no



Tlf 48 50 97 80
post@abror.no

VAKNA TIL LIV IGJEN

Hå Mållag har **vakna** til liv igjen etter mange år i dvale. Og **kvifor** det? Jo, fordi me er **fleire** som har lyst til:

- Å **fremja** nynorskbruken i Hå gjennom å engasjera flest mogleg i målarbeidet
- Å fremja språkgleda og å **auka** stoltheita over nynorsken og dialektane våre
- Å støtta opp om målarbeidet regionalt og nasjonalt

Me som **sit** i styret er:

- Arne Reidar Hæåk, Nærbø
- Eva Hegre, Vigrestad
- Oddvar B Høyland, Nærbø
- Jon Arne Silgjerd, Nærbø
- Elisebet Rugland, Vigrestad
- Vara: Ingunn Nord-Varhaug, Sirevåg og Inger Størseth Haarr, Stavanger

I november var representantar frå Noregs Mållag her, og **saman** besøkte me Bø skule, Breidablikk barnehage og Tryggheim skule. På Tryggheim delte me ut eit classesett av novellesamlinga «**Vegar** ut til alle kantar» og hadde gode diskusjonar med ein klasse. **Me** var også i eit positivt møte med ordførar Jonas Skrettingland.

30. mars vil me ha **eit** gratis arrangement på Nærbø bibliotek. Der stiller Tom Hetland og Jon Arne Silgjerd med **kvar** sine underholdande foredrag, og Skjerpebekken musikklag bidreg med jærskk musikk. Det er **berre** til å koma!

*For Hå Mållag
Eva Hegre*

PS: Vil du også vera medlem? Det fiksar du enkelt ved å senda ordet **NYNORSK** som SMS til nummer 2490, eller du kan nytta lenke på FB-sida vår Hå Mållag. Det kostar kr 200,- første året og deretter kr 400,-. Har du spørsmål eller innspel?

Ta gjerne kontakt på haamaallag@gmail.com

BINGOEN STARTAR OPP ATT



Etter ein lang pause, kom endeleg bingoen i gang igjen på Velferds-senteret måndag 21. februar kl. 15.00, og det var det mange som sette pris på. Der har det i alle år vore ein trufaste gjeng som har kome, men det er plass til fleire.

Bingoen er kvar måndag.

Liv

Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN

Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinnelag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
Varhaug Skulemusikkorps,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkellubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lennsmannsløå

Nytt styre :

Leiar:

Asle Haukland, Bedriftsforeninga

Nestleiar:

Gaute Ødemotland, Bondelaget

Sekretær:

Per-Arvid Jakobsen, Misjonshuset

Kasserar:

Brit Obrestad

Vennelaget Lerbrekk skule

Styremedlem:

Ole Kristian Ødegård

Bygdeungdomslaget

1. varamedlem:

Ingvar Reiestad

Vennelaget Lerbrekk skule

2. varamann:

Eivind Galtvik

Vennelaget Lennsmannsløå

Redaktør

Liv Hobberstad



VARHAUGBUAR PÅ SKIRENN I



Det er vel mest naturstridig at jærbruar går på ski i det heile, så lite snø vi har hatt dei seinare åra. Dei som er ute tidleg sundags morgon har kanskje sett gule jakkar på rulleski langs Opstadvegen eller bortover mot Vigrestad, for det er folk som vil trenar på ski, med eller utan snø. Denne treninga siktar gjerne mot eit Sesilåmi eller eit langløp ute i Europa.

Siste fredagen i januar sette ein gjeng seg på flyet til Italia. Lars Madland organiserte reisa, og var sjølv med. Andre varhaugbruar var Øyvind Mørk Aase, Mindor Håland og Jonas Skrettingland.

Frå Venezia gjekk turen med leigebuss opp til Cavalese, nabo med det meir kjende Val di Fiemme. Her kjenner vi skistadion og monsterbakke frå fjernsynssende skiløp kvar vinter. Det er litt spesielt å gå på ski i desse løypene, og endå meir spesielt i ettertid

å sjå på sendingane i fjernsynet og tenkja på at den svingen var slik, og den bakken var sånn. Sundagen var dagen for Marcialonga, den lange marsjen, eit skirenn på 70 km. Gode skiløparar var på plass, og helikoptera hang i lufta over startområdet. Det er alltid ei spesiell stemning ved start. Diskusjon om valg av ski, om skismurning og bekledning er ferdig, og det er berre å få koma i gang. Det var ikkje meir snø enn det trongst denne vinteren, og fleire av mila gjekk på tilkøyrt kunstig snø. Løypa er lagt gjennom byar og tettstader. Å gå gjennom gatene, kikka inn gjennom kjøkkenglas og stovevindu, høyra på tilrop og oppmuntring, er ganske kjekt. Men Marcialonga er ein konkurranse, ikkje ein kosetur. Det er om å gjera å koma fort til mål. Det er rart med det når startnummeret kjem på brystet. Då er all snakk om å «ta det som ein tur» gløymt. Då er det strev opp bakkane og staking bortover slettene. Det er viktig å få i seg drikke og energi på matstasjonane, men tid til vas er det ikkje. Dei siste to - tre kilometrane opp

ITALIA



Lars Madland, Øyvind Mørk Aase, Mindor Håland og Jonas Skrettingland.

frå dalen til Cavalese by, er eit helseslit. Men å stake dei siste metrane gjennom bygata inn mot mål er ei oppleving. Godt når løpet er gjort.

Måndagen gjekk turen over til Toblach. Der budde vi på eit lite familiedrive hotell. Munnbind og koronapass vart sedvane. Fine skiløyper rett nedi gata, fint ver og godt stell gjorde veka fram mot neste langløp til ei fin oppladning. Italianarane har tru på mat. Kvar kveld var det fem rettar til middag. Ein av rettane måtte vera pasta. Kan hende vi skulle koma tilbake til det gamle med suppe og dessert til middagen kvar dag heime og? Det var i alle fall godt på dagar med lange fine skiturar.

Laurdagen var det nytt langløp frå Toblach til Cortina. Løypene her vert brukt til Tour de ski, så vi har ofte sett dei på fjernsyn. Dette langløpet var «bare» 40 kilometer, så det var unnagjort på mindre enn tre timar. Løypa går over eit fjellskar, men mykje av

løypa går langs eit nedlagd jernbanespor. Då vert både bakkar og svingar slake, så utforkjøringar vert trygge. Denne løypa gjer stakinga på rulleski langs sykkelstiane på Varhaug til nyttig trening. Løypa går på smale bruer over djupe djuv, gjennom tunnelar og langs fjellsider. Ned mot Cortina var det heller ikkje meir snø enn nødvendig, så dei siste kilometrane gjekk her og på tilkjørt kunstsno. Målgangen var dette året flytta frå torget i byen til ein skistadion litt ovanfor byen, så det vart ikkje det same folkelivet som vi opplevde på Marcialonga.

Det er kan hende naturstridig med varhaugbuar på skirenn i Italia, men for oss som likevel gjer det, er det ei oppleving. Vi hørde om storm og regn heime, mens vi storkoste oss i flotte skiløyper med sol frå skyfri himmel og kom oss vel heim etter ein usedvanleg fin tur.

Jonas Skrettingland

SJAKK

HÅ SKULESJAKK

SJAKK FOR VAKSNE

Skulesjakken er no på Bø skule på Nærbø på torsdagar frå 1730-1845.

Me er i gong att etter at det vart lettelsar i Corona-reglane. 16 gutar og ei jente har vært innom så langt i 2022. Neste store arrangement for oss i Hå vil verta Hå-mesterskapet som vi vil ha lørdag 2. april på Varhaug misjonshus. Da blir det turnering med 6 parti og pizzapause undervegs. Og klubben sitt årsmøte vert halde.

Det vil vere gratis å delta for skuleelevar bosett i Hå. Vi spelar i to klassar: nybegynner og «mester». Alle som deltek får premie.

Vinnar av mesterklassen vert Hå-mester i skulesjakk 2022.

I kvar klasse er det ein vandrepokal som vert ståande på skulen til den som vinn fram til neste Hå-mesterskap. Resultat av turneringa kjem i neste nummer av Varhaugbuen.

Hurtigsjakkturnering 27. mars på Skeiane ungdomsskule er noke ein kan vere med på.

Om det skjer noko i sjakk i Rogaland, kan du sjå på heimesida til Rogaland sjakk, <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org>

Elles kan du sjå på facebook sida til klubben, <https://www.facebook.com/hasjakk/>

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spelar på onsdagar. Vi spelar no i personalkantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1830 til bortimot 2200.

Klubben har lynsjakk eller anna form for hurtig sjakk om onsdagane med sjokoladepremier.

Men klubben arrangerer også opne turneringar som vert ratet som NGP (Norsk Grand Prix). Corona-pandemien har satt stopper for mange turneringar i fjor og også hittil i år.

Me hadde planlagt vestlandsmesterskap i januar, men det måtte utsetjast. Vi voner at det kan verte avvikla i helga 18-20. mars. Dette vert eit lagmesterskap der det er 5 spelarar på 1-divisjonslaga og 4 på 2. divisjonslaga. Jæren sjakkklubb er i 2. divisjon og håper å kunne stille med 3-4 lag i dette mesterskapet.

Programmet for resten av våren 2022 er ikkje heilt klart enno.

Men vi vil ha hurtigsjakkturnering med 12 parti fordelt på 9/2 og 16/2.

Og klubben vil ha ratet turnering med 5 runder langs-jakk på 5 av onsdagane i tidsrommet 23/2 – 4/5. (ett parti er 90 minutt pluss 30 sekund per trekk). Ein treng ikkje delta på alle 5 kveldane.

Velkomen til sjakk på Bryne.

Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb». (sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid

BØNDER PÅ VARHAUG GARD: BAKKANE GARD



Bakkane Gard er ein bureisningsgard der Hans H Skeie kjøpte jord av Staten ca 1928 og bureiste i lag med kona Borgny i 1934. Borgny og Hans H Skeie bygde og dreiv garden frå 1934-1974 då overtok sonen Åge Martin Skeie. Olena og Åge Martin Skeie bygde og dreiv garden frå 1975-2018 då selde dei garden til Grethe Marie Ånestad og Vidar Haukalid

Kven bur på garden: Grethe Marie 35 år, Vidar 49 år, Emma 17 år, Mina 10 år og Viljar 3 mnd.

Produksjon: Melk, kjøtt og ein liten dyrehage med kaniner, minigriser, kyllinger, høner og marsvin. Mina har ansvar for dyrehagen og Emma jobbar som avløyser anna kvar helg.

Kva liker du best med å være bonde? Å få arbeida med dyr. Heldigvis tek Vidar seg av alt som har med traktor å gjera.

Kva er det som irriterer mest med å være bonde? Elendig lønn. Når eg ser kor mykje kunnskap og erfaring gode bønder må ha syntes eg det er urettferdig at dei skal få så lite igjen for alt det arbeidet dei gjer.

Kva var motivasjonen for å kjøpa gard? Det var eigentleg veldig tilfeldig. Tenkte fyrst å kjøpa eit småbruk, men då denne garden kom for salg gjekk

alt veldig fort. Plutseleg var vi bønder og eg hadde ikkje noko særlig erfaring frå før. Men me hadde ein god overlapp med Åge Martin og har hatt gode rådgjevarar og folk rundt oss.

Kor lenge har du drevet gard? Driver på fjerde året nå.

Garden om 10 år? Vanskelig å planlegge så langt fram i desse usikre tider, men kanskje har me investert melkerobot. Har også lyst til å bygga stor kalvingsgarde med talle.

Nokon personar du vil skrøyda litt av? Jon Lea og Kristian Aarsland stiller alltid opp dersom eg ringer dei. Er det noko praktisk eg treng hjelp til er Jonas Skretting aldri langt unna. Den eine gongen eg trengde hjelp med ei kvige som kalva og eg var høggravid sende han Knut og Per Erik opp for å hjelpa meg. Sønne ting setter eg veldig pris på.

Største bondetabben du tør å dele i Varhaugbuen? Eg føler eg gjer litt tabbar heile tida, har blant anna kjørt traktorspydet gjennom løveveggen medan Vidar står på sida og ristar på hovudet. Så må eg ta den om Vidar, då han som ung avløysar sende den besta kua til ordføraren på Forsand til slakt.

SLAKTARKAFEEN

Sjølv om kafe'n endå ikkje er offisielt opna (men har vore i drift sidan før jul), er det ein del som har fått med seg at nå går det an å setja seg ned med ein kaffikopp mm på Varhaug

Kafe'n er open kvar dag i butikktida. Vil du ha smørbrød, pannekake eller noko anna til kaffien, bestiller du det inne i butikken. Nå har dei begynt med å ha noko varmt på fredagen. Det har vore ertesuppe, biff stroganoff og bakt potet, så det

skal verta spennande og sjå kva som er neste fredag. På laurdag er det risgraut.

Det er sikkert ikkje mange som har fått med seg dette, så det kunne kanskje vore greit med eit kafe-skilt på døra, sjølv om Slaktarkafe'n står øverst. Kunne flytta bort det som står på gamle handelslaget, for der har det ikkje vore kafe på fleire år.

Liv

SpareBank
SR-BANK 
Sammen får vi ting til å skje.



 **SIBYGG**
NORRØN GRUPPEN



VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG

SKINNBEDØMMING AV MINK

I starten av desember arrangerte me skinnbedømming av mink på Grude, Klepp. Dette var eit arrangement i samarbeid med pelsdyrslaget, med god hjelp frå Kjell Hodne, Bertan Trane Skadsem og Jan Ove Horpestad. Det var eit oppmøte på rundt 25 deltakarar. Deltakarane rangerte pelsar i fem ulike kategoriar, på ein skala frå 1-10. Det vart kåra første, andre og tredje plass, og vinnarane fekk flotte premier.

1. Karine Berge, Varhaug Bygdeungdomslag
2. Line Topdal Sæland, Varhaug Bygdeungdomslag
3. Kristina Rosland, Orre Bygdeungdomslag
3. Gunnar G. Skretting

Det var ein fin dag med grilling og god aktivitet.



SPILLEKVELD PÅ «BYGDAHUSET»

Me i Varhaug bygdeungdomslag arrangerte spelekveld 27. januar. Styret fant fram gamle brettspill og kortstokkar. Det var rundt 15 stk som møtte opp, og det vart spelt blant anna Uno, Alias, kort og sjakk.

FILMKVELD PÅ «BYGDAHUSET»

Den 6. februar arrangerte me filmkveld som ei uhøgtidleg feiring for samane sin nasjonaldag. Det var ein god gjeng som møtte opp for å vera med på feiring. Me såg Kill Buljo 1 og 2, medan me serverte vilti (joikakaker). Det blei og servert snacks og brus.

URÅ

Ungdomsrådet har 7 møte i året der ein diskuterer saker som har betydning for barn og unge i kommunen, og får koma med uttale i saker som skal til behandling i kommunestyret.

Ungdomsrådet skal fremma dei unge sine interesser og skal ha ei rådgjevande rolle for kommunen i saker som i særleg grad gjeld ungdom.

Ungdomsrådet er sett saman av 15 faste representantar i alderen 13-19 år og kan uttala seg i mellom anna:

- saker som skal til politisk behandling og handlar om barn og unge eller har konsekvensar for desse
- saker etter eige initiativ som gjelder barn og unge
- gjennomføring av eigne arrangement av eige budsjett

Januar overtok Monica Cecilie Høien som koordinator for ungdomsrådet. Mange av dei tidlegare medlemmane er no ferdige, og nye ungdommar frå heile kommunen er på plass.

Fleire ynskja å vera leiar og nestleiar i URÅ, men etter ei spanande avstemming blei det Thilde Skretting som blei leiar og Sandra Kristensen nestleiar.



Me er klare for eit spanande år, og håper i tillegg å få til nokre gilde arrangement for ungdom i kommunen. Kanskje vert det og samarbeid med ungdomsråd i andre kommunar.

En alliansebank i **eika**.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



LENSMANNSLØA UNGDOMSKLUBB

HURRA ME OPNAR VANLEG IGJEN!

Ein ting skal seiast, og det er at ungdom i Hå er og blir fantastiske. At me får lov å bli kjende med dykk, får vera med å le og grina saman med dykk er og ei gåve. No har me i alt for lang tid fått vore saman med berre nokre få om gonga, med reglar for kontakt og angsten for smitte. Det er klart at det gjer noko med oss alle, og lagar ein annleis form på tilbodet me har. Det har og vore lærerikt og fint, og ikkje minst synt oss kor viktig klubbane våre er.

HURRA ME OPNAR VANLEG IGJEN!

Me har sakna å ha 50 - 100 ungdom fykande rundt, bråka, flørta, le og vasa. Me har sakna alle aktivitetane som kan gjerast utan å tenka avstand ein meter. No skal me finna tilbake til energien me skal gi dykk. Me skal igjen kjøpa inn, rigga til og organisera eit tilbod som vil vera gildt å kome til. Me håper at me i løpet av kort tid igjen kan vera den fine klubben me var, og eit treffpunkt for ungdom frå heile kommunen.

HURRA ME OPNAR VANLEG IGJEN! VELKOMMEN!



Studentkafeen	måndagar	kl. 16.00 – 21.00
Lensmannsløa	tysdagar	kl. 14.00 – 20.00
Loen	onsdagar	kl. 17.00 – 21.00
Ogna	torsdagar	kl. 14.15 – 20.00



HÅ HISTORIELAG

Hå historielag har hatt årsmøte, og fått dette styret: Mikal Siqveland er leiar, og har desse med seg: sekretær Torfinn Nærland. kasserar Leif Willy Kvalbein og styremedlemar Rune Werner Wiik, Per Inge Undheim.

Ingeborg Nærland Skjærpe og Gunleif Kindervåg. Sjur Håland hadde eit gildt kåseri "Jesus eller fotball - eller begge deler? Eit skrått historieblikk på kyrkje og menighetslivet i Hå.



BARNESKULEN FERDIG

Endeleg er barneskulen ferdig, og det må vera gildt for både elevar og tilsette. Skulen har vore ein byggeplass ganske lenge nå, og det har sikkert ikkje vore enkelt korkje for lærar eller elev. Eg var innom ein dag like før lunsjen. Sjølv om det nå er ny stor kantine, er den likevel ikkje stor nok til at alle kan eta på ein gong, så

her kom elevane puljevis. Eg gjekk ein tur på uteområdet, som mest er 100% ferdig. Her var det eit vell av apparat til ymse uteaktivitetar, så eg trur ikkje nokon kan klaga over at det ikkje er noko å gjera i friminutta. Liv



4H MØTE I SVEINESKOGEN

24. JANUAR 2022



Skodde og høye smittetall stopper ikke medlemmene i Svala 4H. En god gjeng var i Sveineskogen denne mandagskvelden. Alle ble delt inn i kohorter som var på ulike steder i skogen og hadde bålpannekos og quiz. Kjempekjekt møte!!





GRØDALANSSTEMMENS VEL

2022 er frivillighetens år og vi skal feire Norges viktigste lagarbeid. Alle lag og foreninger inviteres med til å synliggjøre frivilligheten til å få flere med. Året er forankret i regjeringens Frivillighetsmelding.

Det finnes mange lag og organisasjoner på Varhaug - i Hå forøvrig - som gjør frivillig arbeid på dugnad. Denne gangen vil Varhaugbuen omtale et vellag som mange kanskje ikke hørt om, men som vi har stor glede av.

Grødalansstemmens Vel ble grunnlagt i 1998. Ildsjelen bak ideen om et vellag var Eirik J. Varhaug. Han hadde ved selvsyn sett at stemmen - på folkemunne «Grøden» - var i dårlig forfatning og i ferd med å tørke ut og bli gjengrodd. Det ble inngått en avtale mellom vellaget og skoglaget hvor vellaget fikk anledning til å gjøre noe med vannstanden i stemmen.

Vennene i laget syntes det var beklagelig at barn og voksne ikke skulle ha en skøyteplass lenger når Kong Vinter bestemmer seg for at han vil lage is. Mye er gjort, både med gravemaskin og dugnadsarbeid, slik at vannet forlengst er tilbake til glede for store og små. Hvert år i okt./nov. møtes dugnadsgjengen for å utføre

ljåslått for å holde vegetasjonen borte fra vannet og kantene. Ikke nok med det. Når isen legger seg, er gjengen på plass med isskraper for at vi skal få best mulig skøyteis.

Hvert år blir det holdt årsmøte, en lørdag formiddag, på Lerbrekk Skule. Laget har omlag 40 medlemmer hvor 10 er aktive som også utgjør dugnadsgjengen. Årskontingenten er ti kroner - du les riktig - 10 kroner. Inntektene er små, utgiftene likeså, akkurat nok til en kartong Friele kokekaffi på tilbud.

Høydepunktet på «Grøden» var nok i januar 2003. Da ble det arrangert skøytestevne i nydelig vintervær. Over 200 personer var tilstede. Mange barn gikk løp som holdt til skøyteknappen. Dessuten ble det arrangert 500, 1000 og 1500 meter løp for voksne. Dessverre, ingen kvalifiserte seg til OL.

Takk til den trofaste dugnadsgjengen som har gjort skøyte tilbudet mulig for oss. Et samfunnsmessig arbeid av stor verdi. Det har gitt oss gilde og helsemessige opplevingar på isen.

Ingvar Reiestad



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79





«STRIKKETUR» TIL KRISTIANSAND

Varhaug Bygdekvinnelag arrangerer «strikketur» til Kristiansand **torsdag 28. april** - lokaltog frå Varhaug **10.37**, så frå Egersund **11.18** og vel framme i Kristiansand **13.31**. Retur med toget heim **kl. 20.16** - i Egersund **22.15** og vidare med lokaltok **22.21**. Vi har «kjøpt opp» togvogn nr. 3, plass til 40 stk. På toget strikker vi sokker-huer-votter- jumper- dette gir vi til Ukrainaprojektet. Kaffipause må vi unne oss - så ha med kaffi og evt. litt skjeva - eller kjøp på toget.

I Kristiansand kan vi gjer som vi vil - gå i butikker - på kafe - tur - eller sitte i parken å strikke. **Kl. 17.30** samles vi på Egon og har felles mat (frivillig).

Påmelding til Oddbjørg Skrettingland, telf. 991 04 254 innan 1. april.



Kvar mandag presis klokka 9.30 går ei gruppe damer ut frå parkeringsplassen ved idrettsanlegget på Varhaug. Dei er ikkje pysete, så uansett ver og førefor-

hold så går dei på tur. Turane varer til vanleg 1 -1½ time, og dei fleste går rundt på Varhaug. Det er utruleg kor mange kjekke turstadar det er rundt i bygda, som mange av oss ikkje har visst om før me blei med i turgruppa til bygdekvinnelaget.

Av og til tar med toget til Stavanger, Klepp, Helvik og andre stader for å få litt forandring. Då har me med mat og kaffi og



gjer det til ein dagstur. Og kvar gong opplever med noko nytt og spennande og løye.

Me har til og med ein overnattingstur årlig i normale tider. Då har me oftast gått på fjelltur og overnatta i turistforeningen sine hytter. Me har mange uforglemmelege minner frå desse turane!!!. Veret har ikkje alltid vore på vår side! Uansett er desse turane saman med mange andre turglade damer heil topp!

Me er vanlegvis frå 6-8 til bortimot 20 damer med på turane. Det er bare å møta opp. Nye er og alltid velkomne.

VARHAUG BYGDEKVINNELAG DELER MATGLEDE



Søndag 5. des- var Misjonshuset pyntet til julefest for Afganerane som bur på Nærland. Underteikna kunne ynskja over 100 gjester velkomne - samt ordføraren m/frue. Festen startet med ein julesang etter trekkspeltoner frå «Agnes og dei» med med «Turid på Skretting» og hennar kor som forsanger. Vi serverte spekemat m/eggerøre, potetsalat og flatbrød, pølse til ungane. Riskrem m/ not, lefse, og julekaker høyrer og til ein julefest og det smakte. Innimellom sang vi fleire julesanger, og stemninga var god då vi sang «Glade jul» og fekk klappe i hendene, og ikkje minst da sangen «Jeg gjekk meg over sjø og land» kom og Turid styrde

«trampeland, klappeland og pekeland» - då var det liv bland ungane!!!! Ordføraren hadde ordet og nissen kom med gotteposar til ungane, kakemann og mandarin- i tillegg fekk dei kvar sin «Bøff» som var sponset frå lokale bedrifter. Dagen blei avslutta med julesangen «Deilig er jorden» før bussane kom å henta gjestene tilbake.

Vi i bygdekvinnelaget takker Gjensidigestiftelsen for at vi kunne ha denne julefesten, dei sponser dette gjennom prosjektet «Bygdekvinner deler matglede».

Oddbjørg Skrettingland



JULEMØTE

25. november arrangerte Varhaug bygdekvinnelag julemøte med over 50 feststemte damer.

Fyrst på programmet var Gunn Tove frå Lotus. Ho laga mange flotte dekorasjonar og me fekk gode ideer til advent og julepynt.

«Sysjå frå Staurhodel» kom og på besøk. Dei underheldt med sang og gode historier. Det gjorde godt i lattermusklane.

På menyen stod det grøt med mandel, nybakt lefse og småkaker. Det smakte fortreffelig.

Til slutt var det utlodning av advent- og julepynt «Sysjå frå Staurhodel» bidrog og med spesielt utvalgte gevinster.

TUR TIL JULEBYGDA

8. desember reiste 20 personar frå Bygdekvinnelaget til Julebygda på julemarked og juleslelet som dei har der.

Det var en kald kveld, men me var godt kledd. Godt steikte pølser, gløgg og atmosfæren satte oss i riktig julestemning. Julespelet i Julabygda er ei framsyning der både amatørar og profesjonelle deltek og me kan gjerne anbefale dette for andre.

Dette er møteplanen for våren

24. februar: Samling i gapahuken i Sveineskogen

31. mars: Besøk av Merethe Elin Kvía frå Frivillighets-sentralen

21. april: Møte på Bondekompaniet i lag med Hagelaget

19. mai: Mannekengoppvisning

**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgenherredsvela@yahoo.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

FOTO KLUBBEN



Gunnar Bjorland





1. APRIL KL. 1930

GENERAL FORSAMLING

Steidn: Påskeevangeliet på jærsk - Nye vitne til påskehendinga

Billettpris: 150 kr

Billetter får du kjøpt på www.varhaugkyrkje.no

no<<http://www.varhaugkyrkje.no>> frå 15. februar.

Ein kan og kjøpa biletter i døra når ein kjem.

GODT NYTT HÅ

Dette nummeret av Varhaugbuen startar med rakettar, og sluttar med det same. Onsdag 23. februar hadde Jærbladet 2 sider frå møtet 21. februar, der dei mellom anna skriv slik: «Mandag kveld var det idemyldringsmøte i Hå. På agendaen stod fyrverkeri og ønsket om et «Godt nytt Hå». Jærbladet talte minst 50 personar, svært mange av dei ungdomar.»

Lenger bak i stykket skriv dei slik: «Møtet var i rådhuset på Varhaug, bygda som havnet i riksnyhtene etter at ungdom under nyttårsferiringen skjöt fyrverkeri på en politibil. Det er ikkje slik vi vil at Hå skal bli kjent over heile landet, sa ordførar Jonas Skrettingland, då han innleia møtet».

Så er det berre å håpa at dette får slutt på denne rakett-skytinga omtrent gjennom heile året. Det er i grunnen synd at Hå-ungdommen får skulda for alt, når det var utanbygds folk som sende rakettar mot politiet.

Liv



Photo by Spencer Sembrat on Unsplash

VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland



*Haldis Tjelta, Njål Varhaug, Sverre Varhaug,
Svein Varhaug og Brit Jane Varhaug*



VENNELAGET LERBREKK SKULE 25 ÅR

Den 16. januar 1997, på Dugnadsfesten, lufta Sigbjørn Varhaug tanken om å starta eit Vennelag for Lerbrekk skule.- Responsen var god. 19 stk melde seg inn denne kvelden.

Eg trur me må få med dei namna her. (Rett avskrift frå den lista): Arnstein Skretting, Magnar Skretting, Agnes Våland, Herborg Torland, Olaug Varhaug, Thea Nord Varhaug, Brynhild Ånestad, Kjellaug Ånestad Varhaug, Inger Lovise Djøseland, Eirik J Varhaug, Oddmund Nord Varhaug, Jorunn Varhaug, Torstein Varhaug, Oddvar Varhaug, Gabriel L Bø, Olav L Varhaug, Sigrid Varhaug, Astrid G Varhaug, Sigbjørn Varhaug. Her må eg ta med ein festleg ting. Sverre Varhaug på Husveg som var hovedperson, bak «reddning» og resturerings- arbeidet, var så «opp i skyene», for alt me hadde fått til, at han kom ikkje på å melda seg inn i Vennelaget før 30. mars 1997. Halfdan Hobberstad, Johannes Husveg og Njål Varhaug kom på det nokre få dagar etter festen.

Dei og var blant den faste «staben» som møtte på dugnad dag ut og dag inn i lange tider, til saman , 82 personar deltok på dugnaden, enten i arbeid, leverte matrialer, eller damene som kom med mat/ kaffi til dugnadsfolket. - I dag har me 150 medlemmer i Vennelaget.

Men prosessen med å ta vare på Lerbrekk gamle skule, starta 2 år før Dugnadsfesten. Rykkte om at den gamle skulehuset kunne verta rive, utløyste ein reaksjon.

2. februar 1995 var Eirik J. Varhaug, Tron Stokkeland, Jostein Djøseland og Sigbjørn Varhaug, invitert til møte hjå Olaug og Sverre Varhaug. Der vart me enige om å kalla inn til Allmanamøte i Lerbrekk skulekrins. Skriv gjekk ut til alle dei husstander som hørte til kretsen. -22. februar 1995 møtte 58 personar på Lerbrekk skule, der 5 stemte for riving. Dei andre sa NEI!! til riving. Me vil heller vera med å gjera ein innsats for å resturera skulehuset. Ein komite vart val til å arbeida vidare med



Jorunn Voll, Målfrid Skrettingland og Ester Ikdal.



Johannes og Kirsti Husvegg, Ingfrid Hobberstad og Olaug Varhaug.



Framme: Asta Auestad, Anne Margrethe og Oddvar Ånestad.
Bak: Kirsten Varhaug, Leif Arne Tjensvoll og Kåre Lode.

prosjektet: Sverre Varhaug, Aud Bratland Bø og Sigbjørn Varhaug. Det vart mange møter etter kvart med det offentlege. Mange ting skulle avklarast. For.eks kor omfattande og grundig skulle det gjerast. Finansiering, materialvalg og liknande. Her var det både Statens vegvesen, Hå kommune, som eigar, naboar m.m. som ein måtte avklara forhold med. På våren 1996 vart det løyvd kr 250000,- av Hå kommune, som kommunestyret gav si tilslutning til. 11. mai 1996 var dagnadsarbeidet i gang, leia av Sverre Varhaug. Resultatet av det arbeidet vart: Lerbrekk gamle skule i ny drakt.

Og nå har me 25 år bak oss med allsidig og god bruk av huset. Vennelaget med sine grillkveldar, graudafestar, julatrefestar, søndagskafeer m.m. Og så all utleige. Korona har sett ein stoppar for det meste, men før den kom, var huset i bruk ca. 90 gonger i året.

Siste nytt nå er at medan Norge har vore «nedstengt», har me i Vennelaget nytta tida til å «fornya» lokalet. Maling både utvendig og delvis inne. Me har fått på plass både Prosjektor og lydanlegg. Og sista veka i januar 2022 er me tilknytta fibernettet. Alt dette nya har glidd fint inn i det «gamla» miljøet som skulehuset skal ha preg av.

Me har ikkje hatt årsmøte sidan 2019, så nå har me planlagt eit den 24. mars kl 18.00. Me må jo markera at Vennelaget er 25 år.

Kan nemna at det er bestilt plass til 8 konfirmasjonar i april/mai. Så får me sjå korleis det går.

Men eg som leiar i Vennelaget Lerbrekk skule, er så takksam for all tillit eg har vorte synt, i alle desse åra. Og så er det ein fantastisk medlemsflokk som hjelpar til, om att og om att. I tillegg har eg stor glede av å møta alle leigetakarane. Folk er så takksame for at dei får «låna» den herlege plassen frå 1865, som dei uttrykker det.

Jubileumshelsing
Frå Sigbjørn



VARHAUG
hud & fotterapi

HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mob: 958 26 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no



• SERVICE • DELER • REPRASJONER



VENNELAGET LERBREKK SKULE

Nå kan det smått som senn verta vanleg aktivitet på Lerbrekk skule. Det er 2 år sidan me hadde årsmøte, så dei same går igjen i styret. Me har i denne tida investert i høgtaleranlegg og to prosjektorar. Nyleg fekk me og innlagt Lyse fiber, og har nå WiFi. Dette ser me som ein pluss.

Sigbjørn er stadig den som dreg lasset, og held hjula i gang. Han er den som folk tek kontakt med angående leige av huset. Desse to åra har det vore minimal aktivitet, men huset har vore ein del utleigd til private arrangement. Nå er det konfirmasjonar til våren som huset brukast mest til.

Haga buss har vore innom med fulle turbussar som har vore på dagstur på Jæren. Dei har hatt stopp på Lerbrekk for kaffi, lefser og gome. Sigbjørn har fortalt om skulen. Dei har og nå bestilt besøk med servering i mai.

Me har bestemt at det ikkje vert sundagskafé denne våren. Klara Pil vil ha salgsutstilling til hausten som vanleg. **Årsmøte** er nå bestemt til **24. mars kl 18.00.**

Inger Haugstad





UNDERGANGEN

Eg har tidlegare skrive litt om undergangen v/Bøen, som ser ganske rusjen ut. Det er grønska overalt i tillegg til anna rot, og til og med forbudsskiltet på austsida har grønfarge. Og etter nyttår fekk heile Norge sjå koss det såg ut der, då ordføraren vart intervjuet etter alle nyttårs rakettane.

Eg snakka med Jon Harald Håland om dette, og begge meinte me at dette var helst ei skam for Varhaug.

Nå har eg fått opplyst at kommunestyret 10. desember 2020 vedtok å setja av eim stor sum både til å oppgradera og få lys i undergangen, i tillegg til bysyklar? Så då er det i alle fall noko på gang. Så får me vel berre smørja oss med tolmod ei tid til. Arbeid i sentrum ser alltid ut til å ha sneglefart.

Liv

P.S. Etter at eg skreiv dette, har eg fått opplyst at kommunen nå held på med planane for undergangen. Då kan det godt vera at det vart noko positivt å skriva om dette til neste nummer av bladet, som kjem ut før Varhaugmarken

ENDELEG VERT DET VARHAUGMARKEN IGJEN!

Fredag 3. og laurdag 4. juni brakar det laust. «I grunnen er marken nå 40 år, men sidan me ikkje har fått feira dei to siste åra, held me oss berre til 39, og tek feiringa av 40 års dagen til neste år», seier Reidar Skretting i Bedrifts-foreninga. «Mest ingen ting har vore som det skulle, så då kan me godt setja eit jubileum på vent. Mange har gjort det same både med runde fødselsdagar og anna».

Men om det ikkje vert noko jubileum, skal det verta skikkelege markensdagar, stort sett etter same leisten som før. Og truleg vert det konsert både fredag og laurdag. Så her er det berre å gleda seg.

Nummer 2 av Varhaubuen skal ut i månad skiftet mai/juni, og der vil de finna program for dagane. Trur me alle er klar for litt feiring igjen!

Liv

HÅ SKYTTERLAG

Hå skyttarlag var starta i 1868. Det er eit veldrive lag med eit flott anlegg på Refsland, Varhaug der dei i tillegg til eit godt klubbhus har både 100 og 200 m baner utandørs. I tillegg driv dei med luftskyting på 15 m bane innandørs i kjellaren på Samfunnshuset på Nærbø. På Refsland er det skytetrening tysdag og torsdag kl. 18.00 frå april og til hausten kjem. På Nærbø er treninga frå oktober t.o.m. mars på tysdag og torsdag kl. 18.00.

Desse er for tida i styret:

Leiar	Einar Tunheim
Nestleiar	Ove Skretting
Kasserar	Mathias Oftedal
Sekretær	Eli Gravdal.

Er det nokon som er interessert i skyting, så er det berre å ta kontakt med ein i styret.

BYGDAHUSET VARHAUG SA

Dette er det offisielle namnet på bygget som bondelag, bygdekvinnelag, BU og 4H har fått som erstatning for Internatet, som nå er historie og vekke for alltid. Og for dei som ikkje veit det, er dette heile første etasje i Rådhusgata 2, der lensmannen tidlegare heldt til i eine enden. Her har nå alle 4 laga fått etablert seg, og godt er det å ha både møterom og lagerplass på eit plan. Varhaugbuen, som er ein del av desse laga, har og sine møter der. Mens laga tidlegare var eigar av eit heilt bygg, er dei nå med i eit sameige, med dei plikte det fører med seg. Men dette er nok noko dei venner seg til etter kvart.

SKJER DET SNART NOKO MED ET GAMLE HANDESLAGET?

Dette er noko som dei fleste er oppteken av. Kor lenge skal det berre verta ståande slik?

Eg har vore i kontakt med Steinar Haugseng, som svara at han venta på «igangsettelsestillatelse» frå kommunen. Og ordføraren har svara meg slik på spørsmålet: «Eg kan ikkje seia kva tid handelslaget vert rive, men no er alle einige om korleis vi skal få det til. Rivegjerdde kjem opp så snart alle formalitetar når det gjeld re-seksjoneringa er på plass. Her er vi avhengig av advokathjelp, og dei er i gang med arbeidet sitt.

Så får me vel berre smørja oss med litt tolmod ei tid til. Håper det vert i orden før Varhaugmarken.

Liv

Dugnadsfolka har alltid nok å gjera.
Her kjem det opp nytt gjerde rundt banen.



ELGANE MOTORSYKKELKLUBB

8. februar 2022 hadde klubben årsmøte, der Ommund Thu var attvald som leiar. Med seg i styret har han desse: Nestleiar Ronny Anda-attval. Kasserar Erling Skretting-ny. Sekretær Tor Arne Vigre-ny. Sty-

remedlem motorcross Magnus Møller-ny. Styremedlem speedway Einar Moi- attval. Styremedlem ATV Øystein Frøytlog-attval. Varamedlem Frank Selebø - attval.

KJÆRT BARN HAR MANGE NAMN

Nokon kallar det Treffpunktet, andre kallar det Børsen. Men uansett namn, så har ein gjeng - stort sett pensjonerte bønder - i fleire år samlast på Felleskjøpet på føremiddagane til kaffi og godt drøs. Den siste tida dei vore i «eige hus», Bygdahuset Varhaug SA, på grunn av korona-restriksjonar på Fellesen. Men nå har Fellesen igjen «opna opp» for denne gjengen. Dei hadde hatt avstemning; nokre av dei ville tilbake til Fellesen, mens andre ville halda fram med å møtast på Bygdahuset, og fleirtalet hadde stemt for Fellesen. Som styremedlem for Bygdahuset, vil eg berre seia takk tida dei nytta lokalet, og dei er velkomne tilbake ein annan gong. Pensjonerte bønder er ein resurs, så dei må me stella godt med. Dei har me hatt stor glede av både i arbeidet med Internatet og nå med Bygdahuset.

Liv

HÅ SENIORUNIVERSITET

Hadde årsmøte på Brusand bedehus 10. februar. Her hadde valnemnda hatt ein enkel jobb, for dei vart med vidare alle som var på val. Styret ser nå slik ut: Leiar Harald Odland, nestleiar Harry Walde-land, sekretær Svein Olav Blindheim, kasserar Åslaug Harbo, styremedlem Inger Haugstad, 1. vara Tor Magne Søyland. Kasserar Gunnar Siqveland og Lars Nord Varhaug (ny). Valnemnd Erik T. Skretting, Gunleif Kindervåg og Liv Hobberstad (ny).

Grunna koronaen hadde, hadde det berre vore 2 medlemsmøte utanom årsmøtet i 2021.

Det er nå planlagt 2 møte i vår og 2 til hausten.

Etter at årsmøtesakene var over, heldt Jens Olav Mæland eit interessant foredrag om Hans Nielsen Hauge.

Liv

EIN LITEN STATUSRAPPORT FRÅ VARHAUG PENSJONISTLAG

22. februar hadde pensjonistlaget årsmøte på Jærgarden Kvalbein. Kirsten Refsnes frå Helseutvalget og Fylkestyret var og orienterte. Fast husorkester er Agnes og Sølvi, og tannlege Tone Elin Berge frå Tannhelse Rogaland kåserte om tenner og tannhelse. Før årsmøtet starta hadde me ett minutts stillhet over dei medlemane som har gått bort det siste året. Me song så «Den fyrste song eg høyra fekk».

Valget fekk følgjande resultat:

Leder	ikkje valgt		
Nestleder	Björg Merete Reiestad	2 år	Ny
Sekretær	Klara Reime Ueland	Ikkje på valg	
Kasserer	Björg Reime Håland	Ikkje på valg	
Styremedlem	Reidar Erga	Ikkje på valg	
Styremedlem	Oddny Søyland	2 år	Ny
1. varamedlem	Egil Salte	1 år gjenvolgt	
2. varamedlem	Aud Torunn Hobberstad	1 år	Ny
3. varamedlem	Liv Karin Haver	1 år	Ny
Revisor	Odd Einervoll	1 år	NY
Vararevisor	Gjertrud Hobberstad	1 år	Ny
Valgkomite:	Torgny Ånestad	2 år	Ny
	Halldis Bakke	Ikkje på valg	
	Målfrid Vilhelmsen Skretting	Ikkje på valg	
Varamedlem	Gustav Håland	1 år	

Etter årsmøtesaker var ferdig, var det utdeling av blomar. Torunn Halldis Berge fekk for 5 års innsats i styret, Gustav Håland for 6 år i valgkomiteen og Ruth Einervoll for 17 års innsats som revisor. Aud Bratland Bø var ikkje tilstades, så ho får eit gavekort som takk for innsatsen. Etterpå var det tid for gryterett, med salat og potetstappe. Kaffi kom og på bordet.

Etter matøkt, var det Kirsten Refsnes sin tur. Ho fortalde litt om seg sjølv, og om arbeidet i Helseutvalget. Dei arbeider blant anna med prosjektet «Leve heile livet», som nå går mot slutten.

Ho gav gode råd om verving og fin trykksak som Nærbø Pensjonistlag har fått laga.

Vårsangen «Alle fugler» prøvde å jaga varme og vår fram. Me song og «Fager kveldsol smiler», før tannlege Tone Elin Berge fekk ordet. Ho har vore tannlege i 30 år. Ho arbeider i Tannhelse Rogaland, og fortalde at det er 36 tannklinikker som er delt i 4 distrikt. Arbeidsplassen er på Nærbø, og det fins ein eigen klinikk på Åna fengsel. Dei arbeider primært med skuleelever og ungdom, og mykje av ressursane deira går med til forebygging. Dei har og ansvar for bebuarar på sjukeheimar i kommunen. Det vanlegaste problemet før var nok bakterier og hol i tennene. Men med bruk av fluor reduserte ein desse problema, men det er ennå ei utfordring med tannkjøtbetennelse for mange. Syreskader er og meir utbreidd nå, på grunn av auka drikking av brus. Rådet hu kunne gje var: Drikk vatn, puss tennene to gonger dagleg og ha regelmessige måltider. Me gamle burde helst få elektrisk tannkost, for dette er nok best for pussinga! Tone Elin fekk takk med fine blomar for eit interessant foredrag!

Åresalget hadde gått strykande, så mange fine planter, tvist og 2 bra gavekort blei lodda ut før alle kunne gå heim kvar til sitt.

Eg må berre sei takk for meg!

Inger Haugstad





GILDT Å BU PÅ STASJONEN

Lucia kvelden ringte det på døra mi. Då eg opna, kom det fin julesong frå desse jentene. Eg vart både rørt og glad. Då dei var var ferdige, sa eg at dette hadde eg aldri opplevd, og fortalte kor eg hadde budd før. Eg fann noko godt til jentene, og spurde med det same om eg kunne ta eit bilde av dei, som eg kunne ta med i Varhaugbuen. Jentene takka for «snobe», og gjekk vidare til neste hus. Mens eg gjekk inn med ei ekstra glede i sinnet; det var nokon som hadde sunge berre for meg! Då eg fortalte dette til ei av jentene mine, var svaret. «Me gjekk au rundt og song» - Men dei banka aldri på mi dør. Liv

FOR DEG SOM VIL HA
GOD KAFFE!

Esso

**Varhaug
Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

12. mai 2022

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller leggja det i postkassa til Liv.



Datoar for lunsj i Løå våren 2022

9. mars
22. mars
22. april

Vi startar opp etter ferien 14. september.

Astrid

Det er årsmøte tid:

VENNELAGET LENSMANNSLØÅ

onsdag 16. mars

VARHAUG IDRETTSKLAG

måndag 21. mars

VENNELAGET LERBREKK SKULE

torsdag 24. mars

VARHAUGBUEN

måndag 25. april





Monica Mørk Aase
Avdelingsleder Hå /
Eiendomsmegler MNEF
e: monica.aase@em1sr.no
t: 941 33 858

Charlotte Ødegård
Eiendomsmegler MNEF
e: charlotte.odegard@em1sr.no
t: 475 01 015

Oppskriften på et godt boligsalg?

Erfarne meglere som
kjenner nabolaget ditt.

Når du skal selge er det lurt
å velge en solid megler.
Hos oss får du kompetanse
og lang erfaring.

Kontakt oss i dag om du
vurderer å selge bolig i Hå!

EiendomsMegler 1
JÆRMEGLEREN



**Bonde
Kompaniet**

Helgjødssel 15 l
2 for 349,-
pr. sekk 239,-



**Hage-
gjødssel**
25 kg

599,-

Hagekalk
25 kg

139,-



Felleskjøpet

Rogaland Agder — siden 1899

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug
Åpent 8-17 (9-14)

Forbehold om trykkfeil og utsolgt

bondekompaniet.no